

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Styret for SEKOM-sekretariat

Møteinnkalling

Møtedato: 01.10.2014
Møtestad: Førde rådhus, møterom: Haukedalen i 4. etasje (ved kantina)
Møtetid: Kl. 11:00
Det blir ei matøkt ca kl 12.00.

Innkalling: Faste styremedlemar

[Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post: ah@sekom.no](mailto:ah@sekom.no)
Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
006/14	Informasjon frå SEKOM-sekretariat 2014
007/14	Økonomirapport 2014 pr 15.9.14
008/14	Budsjett 2015 - SEKOM-sekretariat

Med helsing

Terje Engvik
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Styret for SEKOM-sekretariat	Møtedato 01.10.2014	Saksnr 006/14
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-060	Arkivsaknr.: 14/133
---	-------------------------	-------------------------------

Informasjon frå SEKOM-sekretariat 2014

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
17.09.2014	Informasjon frå SEKOM-sekretariat 2014 Brev med notat.pdf	280

Tilråding:

Informasjonen vert teken til orientering

...

Saksutgreiing:

Det er naturleg at dei tilsette i SEKOM-sekretariat orienterer styret om arbeidet så langt i 2014 og korleis vi tenker oss å jobbe framover. Vi ønskjer også innspel frå styret om dette. Vedlagt er orientering som vi sende ut til kontrollutvala, styret og varafolk i august som utgangspunkt for informasjonssaka.

Kontrollutvala og styret med varamedlemar

Dato: 31.07.2014
Vår referanse: 14/178
Arkiv: FE-060


Informasjon frå SEKOM-sekretariat 2014

Vi nyttar starten på hausthalvåret til å informere litt om arbeidet framover!

Det har vore både spennande og lærerikt å møte alle dei 15 kontrollutvala som SEKOM-sekretariat følgjer opp! Har også hatt glede av å møte styret og ha eit telefonmøte med arbeidsutvalet.

Vi har brukt ein del av sommaren til å planlegge arbeidet framover. Her kjem difor litt informasjon om korleis vi ser dette føre oss.

Med helsing



Arnar Høigheim

Dagleg leiar

Tlf 57 61 27 85 / 975 81 418

ah@sekom.no

Kopi:

KRYSS revisjon

Kommunerevisjonen i Nordfjord

Vedlegg:

Notat med informasjon

Dato: 31.07.2014

Vår referanse: 14/179

Arkiv: FE-060

Informasjon frå SEKOM-sekretariat 2014

Hovudpunkt

Fordeling av hovudansvar for utvala mellom tilsette i sekretariatet

Innføring av Acos WebSak som er eit fullelektronisk sak- og arkivsystem. Same systemet som kommunane i området brukar

Nye malar for alle dokument

Tankar om innhald i saker som gjeld alle utvala: Rekneskap, forvaltningsrevisjon og oppfølgingsliste

Kommunefordeling

Audhild	Arnar
Askvoll	Bremanger
Fjaler	Eid
Førde	Flora
Gloppen	Gaular
Gulen	Hornindal
Jølster	Hyllestad
Solund	Naustdal
Stryn	Styret og arbeidsutvalet i SEKOM

Vi kjem til å arbeide saman om utvala, slik at om den som har hovudansvaret er fråverande, kan den andre ta over. I hovudsak vil det vere den som er hovudansvarleg som har oppfølging med å arrangere møta, drøfte saker med leiar i kontrollutvalet og liknande.

Acos WebSak

Vi tok i bruk Acos WebSak som system for post, sak og arkiv frå og med 1. juli. Som formalisering, laga vi eit notat med enkel oversikt over arkivrutinar:

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Notat

Dato: 30.06.2014

Vår referanse: 14/61

Acos WebSak nyttast frå og med 1.7.2014

SEKOM-sekretariat har fått installert Acos WebSak i eigen database hjå SYS IKT. Juni månad er brukt til oppbygging av malar, organisasjon med meir i systemet. Vi har også testa at dei vesentlege funksjonane er i orden. Kort om rutinane:

- All sakshandsaming til kontrollutvala skjer i WebSak. Sakliste og møtebok vert produsert i systemet.
- All inngåande post vert scanna og registrert. Utgåande post, notat og saksutgreiingar vert produsert i WebSak.
- Malane er endra noko i samband med at WebSak vert teke i bruk. I all hovudsak inneheld dei same informasjon men med noko endra utsjånad.
- Det er oppretta ei journaleining for kvart kontrollutval slik at det er enkelt å produsere postjournal for kvar kommune.
- Inngåande og utgåande post vert sett i kronologisk ordna samleperm. Det same gjeld notat som ikkje er skriv/melding til eit av kontrollutvala.
- Saksutgreiingar, sakliste, notat som er skriv/melding og møtebok vert sett i perm for kvart enkelt kontrollutval.

Frå og med 1. juli 2014, tek SEKOM-sekretariat formelt i bruk WebSak som system for post,- sak,- og arkivhandsaming.

Med helsing

Arnar Helgheim
Dagleg leiar
Tlf 57 61 27 85 / 975 81 418
ah@sekom.no

Innkalling og saker

For å sikre at WebSak er sett opp rett og at malene verkar, har vi køyrt Førde sitt kontrollutval 20. juni som test. Her er kopiar frå dette som syner korleis innkalling, sakliste og møtebok vert sjåande ut framover:

Framsida på innkallinga:

SEKOM-sekretariat
www.sekom.no | post@sekom.no
Førde kontrollutval

Møteinnkalling

Møtedato: 20.06.2014
Møtestad: Førde rådhus
Møtetid: Kl.

Innkalling: Faste medlemar i utvalet,

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post: ah@sekom.no / arva@sekom.no
Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
025/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
026/14	Skriv og meldingar
027/14	Forvaltningsrevisjon: Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid - rapport
028/14	Kor tilgjengelege er kontrollutvalet
029/14	Forvaltningsrevisjon: Tinging av nytt prosjekt
030/14	Oppfølgingsliste 5 - 2014
031/14	Eventuelt

Anne Lise Bekjorden
Leiar

Framsida på møteboka:

SEKOM-sekretariat		Møtebok	
Førde kontrollutval			
Møtedato:	20.06.2014	Møtetid:	Kl. 9:00 – 11:00
Møtestad:	Førde rådhus		
Faste medlemmar	Møtte	Forfall	Merknader
1. Anne Lise Bekjorden (leiar)	X		
2. Terje Engvik (nesteleiar)	X		
3. Bjarte Urnes	X		
4. Mariann Njosen		X	
5. Per Arne Kløven		X	
Personlege varamedlemar	Møtte	Forfall	Merknader
1. Monica Alisøy Kjelsnes			
2. Ludvig Birkeland			
3. Harald Sandvik			
4. Kåre Myklebust	X		
5. Rune Fauske	X		
Andre som møtte			
SEKOM-sekretariat ved Audhild Vie Alme og Arnar Helgheim			
Sakliste			
Sak nr.	Saktittel		
025/14	Godkjenning av innkalling og sakliste		
026/14	Skriv og meldingar		
027/14	Forvaltningsrevisjon: Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid - rapport		
028/14	Kor tilgjengelege er kontrollutvalet		
029/14	Forvaltningsrevisjon: Tinging av nytt prosjekt		
030/14	Oppfølgingsliste 5 - 2014		
031/14	Eventuelt		
Underskrifter:			
_____	_____	_____	
_____	_____	_____	

Mal for saksutgreiing:

SEKOM-sekretariat		
Sakshandsamar:	Arkiv:	Arkivsaknr.:
<p>Vedlegg:</p> <p>Tilråding: <i>(Kontrollutvalet tilrår til kommunestyret / Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).</i></p> <p>...</p> <p>Saksutgreiing:</p>		

Parentes under overskrifta «Tilråding:»

Denne parentesen meiner vi er nyttig for å sikre at både vi som greier ut og utvalet sjølv er bevisst på om det er endeleg vedtak eller tilråding kontrollutvalet skal gjere.

Kontrollutvalet tilrår til kommunestyret: Utvalet gjer ikkje endeleg vedtak men sender tilråding eller uttale til kommunestyret.

Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak: Dette betyr at utvalet sitt vedtak er endeleg og at saka såleis ikkje handsamast av kommunestyret.

Uttale til rekneskap

I løpet av handsaminga av rekneskap for dei 15 kommunane, endra sekretariatet ein del på malen for uttale. Vi legg ikkje opp til å velje ut nøkkeltal og liknande frå rekneskap og årsmelding som blir med i uttalen. Kontrollutvalet står likevel fritt til å forme uttale til kommunestyret. Døme på innhald frå Solund:

<p>Årsrekneskapen 2013 for Solundkommune er handsama i kontrollutvalet den 10.6.14.</p> <p>Grunnlaget for handsaminga har vore:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Den avlagte årsrekneskapen - Årsmeldinga frå rådmannen - Revisjonsmeldinga datert 13.5.14 <p>Etter interne finanstransaksjonar er driftsrekneskapen gjort opp utanrekneskapsmessig meir eller mindre forbruk.</p> <p>Investeringsrekneskapen er avslutta med eit mindre forbruk på kr 32.788,-. Det er kommunestyret som vedtek disponering av mindre forbruket.</p> <p>Kontrollutvalet viser til presiseringar i revisjonsmeldinga:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ferdigstilling av investeringsprosjekt til politisk handsaming jf økonomireglement. • Fristar for årsrekneskap (15.2.) og årsmelding (31.3.). <p>Kontrollutvalet tilrår at rekneskapen for Solund kommune vert godkjent slik han ligg føre.</p>

Rapportar frå forvaltningsrevisjon

Det kan vere ei utfordring for sekretariatet å finne gode tilrådingar om rapportane. I mange høve, reknar vi med at vår tilråding går ut på at rapporten vert teken til orientering, med tillegg der ein viser til anbefalingar frå revisor og ber om at dei vert følgde opp. Gjerne med frist for å orientere kontrollutvalet om oppfølginga.

Under fase «Tilrådingar» (RSK 001 - Standard for forvaltningsrevisjon) er det mellom anna presisert at revisor ikkje skal gje pålegg til administrasjon og vere varsam med tilråding i form av detaljerte løysingar.

Kontrollutvalet har nok ei friare rolle men bør kjenne til råmene for revisor sitt arbeid ved utforming av sitt vedtak. Utfordringa ligg mellom anna i at utvalet (slik som revisor) i neste omgang også skal kontrollere og uttale seg til dei nye løysingane. Det kan bli problematisk om det er løysingar som utvalet sjølv har utforma.

Frå RSK 001:

Tilrådingar	Der det blir konkludert med at det har skjedd avvik eller er forbetningsmulegheiter, skal revisor gje tilrådingar. Tilrådingane må aldri formulerast som pålegg til administrasjonen, og revisor skal vere varsom med å gje tilrådingar i form av detaljerte løysingar.
-------------	---

Forvaltningsrevisjon – val av nye prosjekt

Vi tek sikte på at val og tinging skjer i same sak. Utgangspunktet vårt er at vi ønskjer at dette kjem på same møte som førre rapport vert handsama. I dette møtet er forvaltningsrevisor også til stades og ein kan ha direkte dialog. Revisor sin prosjektplan handsamast i neste møte.

Unntaka kan bli der utvalet ønskjer å legge til eit nytt prosjekt som ikkje sekretariatet har utgreidd. I dei høva kan det vere naudsynt at utvalet vel prosjektet og så greier vi ut tinginga til neste møte. Ulempa er at det då går 3 møte før revisor kjem i gang med sjølve arbeidet. Det kan bety 2 – 3 månadar i tidstap på grunn av lang tid mellom møta.

Det er litt over 1 år som står att av funksjonsperioden for noverande kontrollutval. Det betyr at den forvaltningsrevisjonen som vert valt no, truleg blir den siste det sitjande utvalet peikar ut.

Begge tilsette i SEKOM-sekretariat kjem til å delta på 2-dagars kurs om forvaltningsrevisjon i september. Vi håpar det gir oss eit endå betre grunnlag for sakshandsaming og rådgjeving på dette feltet.

Oppfølgingslista

Her har vi gjort nokre tilpassingar som vi ønskjer å nytte for alle utvala sine lister:

Berre saker som utvalet skal følgje opp vert registrert på lista. Då vil t.d. «Godkjenning av innkalling og sakliste» til vanleg ikkje komme på lista.

Når same sak vert handsama mange gonger vert dette samla under ei oppføring. T.d. gjeld dette val, tinging, prosjektplan, rapport og oppfølging av forvaltningsrevisjon.

Med helsing

Arnar Helgheim
Dagleg leiar
Tlf 57 61 27 85 / 975 81 418
ah@sekom.no

SEKOM-sekretariat

Saksgang Styret for SEKOM-sekretariat	Møtedato 01.10.2014	Saksnr 007/14
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-150, Komnr-0000	Arkivsaknr.: 14/218
---	-------------------------------------	-------------------------------

Økonomirapport 2014 pr 15.9.14

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
15.09.2014	004.14 - Likviditetsfond i SEKOM-sekretariat	463
Prognose pr 15.9.14		

Tilråding:

1. Økonomirapporten vert teken til orientering.
2. Det vert gjort følgjande endring i budsjettet for 2014:

Post	Tekst	Budsjettendring
12000	Driftsmidlar (WebSak)	50.000
14900	Reserverte løyvingar	-50.000
	Netto	0

3. Eit eventuelt overskot i rekneskapan for 2014 vert sett av som likviditetsfond.

Saksutgreiing:

Vi viser til rekneskapsprognose på siste side i utgreiinga. Kommentar til dei største avvika:

Pensjon

Tala pr i dag viser ein noko høgare reguleringspremie enn forventa. Denne premien er på 5% av premiereserve, og altså ikkje av premiegrunnlag (løn) som resten av pensjonskostnaden. Premiereserven i SEKOM-sekretariat er relativt sett ein del høgare enn i kommunane. Styret har tidlegare fått orientering frå KLP om korleis pensjonsutgiftene er samansette.

Driftsmidlar

Kjøp og installasjon av sak/arkiv-systemet Acos WebSak er ført på posten «Kjøp og finansiell leasing av driftsmidlar». Administrasjonen rår til at styret føretek ei formell budsjettjustering

ved å flytte midlar frå «Reserverte løyvingar» til denne posten.

Oppstarten av WebSak har gått etter planen og SEKOM-sekretariat har no fullverdig sak- og arkivsystem. Det er sett opp slik at vi enkelt kan ta ut postjournal for kvart kontrollutval.

Kjøp av tenester

Både kjøp frå private og kommunar er lågare enn budsjettert. Forbruket er avhengig av kva saker som sekretariatet handsamar. Sjølv om det ikkje har vore forbruk så langt i 2014, er det truleg naudsynt å ha mogelegheit til å kjøpe tenester i enkelte saker.

Mindreforbruk frå 2013

Rekneskapen for 2013, vart gjort opp i formell balanse men med kr 216.419,13 som rekneskapsført leverandørgjeld. Dette beløpet er mindreforbruket som skal betalast attende til eigarkommunane (Sjå årsmeldinga). I samband med denne økonomirapporten, vart vi merksame på at beløpet ikkje er betalt tilbake til eigarkommunane og at det ikkje er gjort avrekning på den delen som skal regulerast etter tidsbruk pr kommune.

Tilbakebetalinga blir trekt frå ved krav om kommunetilskot for 4. kvartal 2014.

Likviditetsfond

Viser til sak 4/14 om likviditetsfond i SEKOM-sekretariat. I denne saka gjorde styret følgjande vedtak:

Styret slår fast at SEKOM-sekretariat i praksis er etablert som eige rettssubjekt med eigen rekneskap, som vert ført i samsvar med forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar.

Avklaringa klargjer at SEKOM-sekretariat fører eige årsrekneskap med årsberetning som eige selskap. Selskapet har dermed høve mellom anna til å opparbeide eit likviditetsfond.

Administrasjonen i SEKOM-sekretariat tilrår at eit eventuelt overskot i 2014, vert sett av som likviditetsfond for selskapet.

SEKOM-sekretariat: Prognose pr 15.9.14

Konto	Konto(T)	Beløp 31.8.	Bud 31.8.	Prognose	B2014	Differanse
10100	Fast løn	713 289,53	801 624,00	1 242 000	1 270 000	-28 000
10500	Anna løn og trekkpliktig godtgjersle	996,00	0,00	2 000		2 000
10504	Ikkje i bruk	-687,00	0,00	-		0
10800	Godtgjersle folkevalde	25 344,10	31 560,00	50 000	50 000	0
10903	Pensjonsinnskot - KLP	96 598,54	193 333,34	310 000	290 000	20 000
10905	Gruppeliv- og ulukkesforsikring	2 011,20	4 000,00	3 000	6 000	-3 000
10990	Arbeidsgjevaravgift	99 456,63	113 333,34	176 000	170 000	6 000
11000	Kontormateriell	2 168,16	13 333,34	8 000	20 000	-12 000
11001	Kopieringsmaterieill	284,80	3 333,34	2 000	5 000	-3 000
11150	Matvarer	8 154,75	6 666,66	12 000	10 000	2 000
11201	Utgifter, ikkje oppgåvepliktige (løn)	457,56	0,00	1 000		1 000
11207	Velferdstiltak tilsette	1 462,00	0,00	2 000		2 000
11300	Post, banktenester, telefon	18,00	0,00	-		0
11301	Bankgebyr	789,00	666,66	1 000	1 000	0
11303	Telefon	2 430,14	20 000,00	19 000	30 000	-11 000
11305	Porto og frankering	3 563,20	6 666,66	5 000	10 000	-5 000
11500	Opplæring, kurs/seminar	22 900,00	30 000,00	44 000	45 000	-1 000
11600	Utgift./godtgjersle reiser, diett, bil mm oppg.pl	51 979,66	66 666,66	93 000	100 000	-7 000
11700	Transport og drift av egne/leigde transportmid	390,00	0,00	1 000		1 000
11705	Refusjon av utlegg til skyss/transport	7 284,48	20 000,00	26 000	30 000	-4 000
11855	Yrkesskadeforsikring	3 302,55	5 333,34	5 000	8 000	-3 000
11900	Leige av lokale og grunn	55 334,80	50 000,00	83 000	75 000	8 000
11950	Avgifter, gebyr, lisensar o.l.	6 400,00	4 000,00	10 000	6 000	4 000
12000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidlar	42 000,00	6 666,66	53 000	10 000	43 000
12001	Inventar og utstyr	2 000,00	10 000,00	8 000	15 000	-7 000
12400	Serviceavtaler, reparasjonar, vaktmeistertenes	6 105,66	66 666,66	19 000	25 000	-6 000
13300	Kjøp av tenester frå fylkeskommunar	-4 680,00	0,00	-7 000		-7 000
13500	Kjøp av tenester frå kommunar	0,00	33 333,34	-	50 000	-50 000
13700	Kjøp av tenester frå andre (private)	14 700,01	33 333,34	32 000	50 000	-18 000
14290	Meirverdiavgift som gjev rett til mnskomp	34 071,48	33 333,34	51 000	20 000	31 000
14900	Reserverte løyvingar/avsetningar	0,00	33 333,34	-	50 000	-50 000
15009	Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	93,00	0,00	-		0
15209	Utlån	11 823,00	6 666,66	12 000	10 000	2 000
17290	Kompensasjon mva Driftsrekneskapan	-34 071,48	-13 333,34	-51 000	-20 000	-31 000
17700	Refusjon frå andre (private) m/opdg	0,00	-2 000,00	-	-3 000	3 000
17705	Refusjon frå andre (private)	-93,00	0,00	-		0
18500	Overføringar frå kommunar	-1 743 750,00	-1 550 000,00	-2 325 000	-2 325 000	0
19000	Renteinntekter	0,00	-5 333,34	-8 000	-8 000	0
100	Sekom	-567 787,07	-46 816,00		0	-121 000

04/14 LIKVIDITETFOND I SEKOM SEKRETARIAT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat
Dato: 18.02.2014

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Vedtaks- organ
Styret	25.02.2014	04/14	Ja

Saksvedlegg:

§ 12 «Rekneskap og beretning for interkommunalt og interfylkeskommunalt samarbeid» -
Foreskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar,

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Samarbeidsavtale om sekretariatstenester for kontrollutvala datert 26.10.2010.
Vedtekter for SEKOM-sekretariat datert 26.10.2010.

Tilråding frå sekretariat til styret:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

STYRET SITT VEDTAK:

Styret slår fast at SEKOM-sekretariat i praksis er etablert som eige rettssubjekt med eigen rekneskap, som vert ført i samsvar med forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar.

Saksutgreiing

LIKVIDITETSFOND I SEKOM SEKRETARIAT

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Sekretariatet har fått i oppgåve av styret å undersøke om det er mogeleg å bygge opp eit lite likviditetsfond i SEKOM-sekretariat.

Saksopplysningar:

I styremøte den 23.10.2013 i sak 012/13 «Eventuelt», blei det gjort følgjande vedtak:

- *Sekretariatet får i oppgåve til neste møte å undersøke om det er mogeleg å bygge opp eit lite likviditetsfond i SEKOM-sekretariat som er eit §27 selskap.*

Årsaka til at spørsmålet kom opp var at vi ved å opprette eit disposisjonsfond, ville styret kunne ta bort posten «Tilleggsøyvingar» på kr 50 000,- i driftsrekneskapen. SEKOM hadde eit disposisjonsfond fram til 2010 då styret valte å betale dette ut til eigarkommunane.

Sekretariatet har diskutert dette med både Kommunerevisjonen i Nordfjord som er SEKOM-sekretariat sin revisor og KRYSS-revisjon. Desse har ulike syn på dette spørsmålet.

Vår revisor som er Kommunerevisjonen i Nordfjord meina at vi burde vere ein del av Førde kommune sin rekneskap og viser til § 12 i «Føreskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar og Fylkeskommunar»

For regnskapet og beretningen for interkommunalt eller interfylkeskommunalt samarbeid etter kommuneloven § 27 gjelder følgende særregler:

- 1.Regnskapet for samarbeidet skal inngå i årsregnskapet til den kommunen eller fylkeskommunen hvor samarbeidet har sitt hovedkontor. (Sjå vedlegg)*

Legg vi dette til grunn er det ikkje behov for å byggje opp eit likviditetsfond då SEKOM vil få Førde kommune som vertskommune, og med dette bli ein del av Førde kommune sin rekneskap.

I Samtale med Dagleg leiar i KRYSS-revisjon som er eit selskap stifta samtidig med SEKOM og er organisert etter § 27 i kommuneloven på same måte som SEKOM, meina han at vi må legge til grunn vedtektene til SEKOM der det står:

Styret vedtek budsjett som skal sendast deltakarkommunane innan 1.november året før vedkomande budsjettår.

Styret fastset og godkjenner årsrekneskapen og fordelinga av kostnadene på kommunane etter vedteken fordelingsnøkkel.

KRYSS-revisjon hadde tilsvarende spørsmål til handsaming i 2007 og sendte då spørsmålet til Fylkesmannen som kom med følgjande svar til KRYSS-revisjon:

«Det er ikkje noko i vegen for at rekneskapen i et interkommunalt samarbeid (eige rettssubjekt) kan gjerast opp med overskot, men at det vil vere opp til samarbeidande kommunane å avgjere korleis dette skal handterst vidare. Dette er delegert gjennom vedtektene til fellestyret; jfr. Orlyden 'Samstyret fastset og godkjenner rekneskapen'.»

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Saksgang Styret for SEKOM-sekretariat	Møtedato 01.10.2014	Saksnr 008/14
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-150, Komnr-0000	Arkivsaknr.: 14/182
---	-------------------------------------	-------------------------------

Budsjett 2015 - SEKOM-sekretariat

Vedlegg:

Budsjettframlegg og kommunefordeling

Tilråding:

Budsjettframlegg datert 17.9.14 vert vedteke.

Saksutgreiing:

Generelt

Råma er auka med same prosentsats som deflator. Dvs den vekta utgiftsauken som regjeringa reknar med at det blir for kommunane frå 2014 til 2015. I

Kommuneproposisjonen for 2015 som kom i mai 2014, er deflator berekna til 3,1%. Lønsvekst utgjer 2/3 av deflator og er anslått til 3,5%.

Fast løn

SEKOM-sekretariat har 2 tilsette. I lønsbudsjettet er det brukt dagens lønsnivå med tillegg av lønsvekst etter sats på 3,5% (frå Kommuneproposisjonen).

Pensjon

Pensjonsutgiftene vert ikkje nøyaktig klare før i slutten av året. Berekninga i framlegget er ut frå dei ferskaste prognosene frå KLP (1.9.14).

Tekst	Grunnlag	Prosent	Pensjon
Av pensjonsgrunnlag	1 260 000	10,8 %	136 080
Av premiereserve	4 300 000	4 %	172 000
Totalt			308 080

Budsjettert pensjonskostnad er kr 310.000 i framlegget.

Arbeidsgjevaravgift

Førde kommune ligg i sone 1a med sats på 14,1%. Budsjettframlegget er på kr 200.000.

Driftspostar

Her er det gjort små justeringar frå inneverande budsjett.

Kommunetilskot

Tilskotet er auka i takt med deflator på 3,1%. I samband med budsjettet, har vi berekna kvar enkelt kommune sitt tilskot ut frå folketal og tidsforbruk for åra 2011-2013. Det blir ei avrekning av tilskotet når året er avslutta.

SEKOM-sekretariat		17. september 2014 - Arnar Helgheim		
Budsjettframlegg frå dagleg leiar				
Konto	Konto(T)	R2013	B2014	B2015 Framlegg
10100	Fast løn	1 153 600	1 270 000	1 260 000
10500	Anna løn og trekkpliktig godtgjersle			
10800	Godtgjersle folkevalde	58 421	50 000	65 000
10903	Pensjonsinnskott - KLP	171 838	290 000	310 000
10905	Gruppeliv- og ulukkesforsikring	3 568	6 000	4 000
10990	Arbeidsgjevaravgift	147 847	170 000	200 000
11000	Kontormateriell	16 495	20 000	20 000
11001	Kopieringsmaterieill	10 066	5 000	7 000
11150	Matvarer	7 627	10 000	10 000
11201	Utgifter, ikkje oppgavepliktige (løn)			
11207	Velferdstiltak tilsette	5 719		
11301	Bankgebyr	1 068	1 000	1 000
11303	Telefon	19 590	30 000	20 000
11305	Porto og frankering	6 055	10 000	10 000
11400	Annonse, reklame og informasjon	71 892	0	0
11500	Opplæring, kurs/seminar	39 192	45 000	55 000
11600	Utgift./godtgjersle reiser, diett, bil mm oppg.pl.	79 576	100 000	90 000
11705	Refusjon av utlegg til skyss/transport	16 939	30 000	30 000
11855	Yrkesskadeforsikring	2 267	8 000	8 000
11900	Leige av lokale og grunn	48 125	75 000	85 000
11950	Avgifter, gebyr, lisensar o.l.	5 700	6 000	20 000
12000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidlar	0	10 000	11 000
12001	Inventar og utstyr	27 544	15 000	15 000
12400	Serviceavtaler, reparasjonar, vaktmeistertjenester	10 844	25 000	25 000
13300	Kjøp av tenester frå fylkeskommunar	23 400		0
13500	Kjøp av tenester frå kommunar	41 400	50 000	50 000
13700	Kjøp av tenester frå andre (private)	0	50 000	50 000
14290	Meirverdiavgift som gjev rett til momskomp	39 899	20 000	20 000
14900	Reserverte løyvingar/avsetningar	0	50 000	50 000
15009	Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter			0
15209	Utlån	8 928	10 000	10 000
17290	Kompensasjon mva Driftsrekneskapen	-39 899	-20 000	-20 000
17700	Refusjon frå andre (private) m/opdg		-3 000	-3 000
17705	Refusjon frå andre (private)	-494		0
18500	Overføringar frå kommunar	-1 967 831	-2 325 000	-2 395 000
19000	Renteinntekter	-9 376	-8 000	-8 000
100	Sekom	0	0	0

Fordeling av kommunetilskot - kalkyle for 2015

Kommune	Folketal 1.1.14	% tid 11-13	Folketal 50%	Tidsbruk 25%	Fast sum 25%	B 2015	B 2014
Askvoll	3 011	5,2 %	-53 188	-31 093	-39 933	-124 000	-123 000
Bremanger	3 950	7,7 %	-69 774	-46 396	-39 933	-156 000	-146 000
Eid	5 926	7,1 %	-104 679	-42 738	-39 933	-187 000	-188 000
Fjaler	2 853	5,7 %	-50 397	-34 141	-39 933	-124 000	-124 000
Flora	11 779	13,6 %	-208 069	-81 269	-39 933	-329 000	-298 000
Førde	12 685	8,1 %	-224 073	-48 774	-39 933	-313 000	-292 000
Gaular	2 928	5,2 %	-51 721	-30 910	-39 933	-123 000	-127 000
Gloppen	5 964	7,1 %	-105 351	-42 677	-39 933	-188 000	-174 000
Gulen	2 315	4,9 %	-40 893	-29 630	-39 933	-110 000	-118 000
Hornindal	1 223	5,6 %	-21 604	-33 471	-39 933	-95 000	-96 000
Hyllestad	1 391	6,4 %	-24 571	-38 531	-39 933	-103 000	-106 000
Jølster	3 070	4,8 %	-54 230	-28 837	-39 933	-123 000	-121 000
Naustdal	2 776	7,9 %	-49 036	-47 615	-39 933	-137 000	-134 000
Solund	815	4,2 %	-14 396	-25 118	-39 933	-79 000	-87 000
Stryn	7 134	6,3 %	-126 018	-37 799	-39 933	-204 000	-191 000
Totalt	67 820	100,0 %	-1 198 000	-598 999	-598 995	-2 395 000	-2 325 000